



Vaksdal kommune
Plan, forvaltning, utvikling

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE)

Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Dykkar referanse	Vår referanse	Sakshandsamar	Dato
	2026/286-2	Tore Henrik Øye	13.03.2026

Uttale til søknad om løyve til å mellombels fråvike fastsett manøvreringsreglementet for Hamlagrøvatnet - "høyringsuttalelse, saksnummer 202605119"

Vaksdal kommune viser til dykkar høyringsbrev av 26.02.26, knytt til søknad frå Eviny om å få mellombels løyve til å fråvike fastsett manøvreringsregi i Hamlagrøvatnet i Bergsdalsvassdraget, ved å kunne tappe reguleringsmagasinet ut over lågvassperioden sin slutt.

Dette gjennom:

- A)** Løyve på inntil 2 veker med forlenga tapping av magasinet i perioden 15.04.2026 – 30.04.2026.
- B)** Løyve til å fråvike krav til sommarvasstand i magasinet i perioden i 15.08.26 – 01.09.2029, ved fritt å regulere 2 meter under «høgaste regulerte vasstand (HRV), mellom kote 586 og 588.

Bakgrunnen for søknaden er at Statnett skal gjennomføre ei større omlegging av leidningsnett i området, og at Dale kraftverk derfor må takast ut av drift i perioden 30.04.2026 – 31.07.2026. Høvet for å tappe slik det er om søkt, vil gje betre moglegheit for flaumdemping ved eventuelle flaumsituasjonar, og samstundes gje betre samfunnsnytte med tanke på kraftproduksjon, i følgje søkjar.

Våre merknadar går fram av det følgjande:

HAMLAGRØVATNET

Dei største, eventuelle verknadane for Hamlagrøvatnet, vil truleg vere knytt til den visuelle effekten og tilkomsten til magasinet med båt, avhengig vêrtilhøva og naturleg tilsig til magasinet.

Vaksdal kommune går ikkje nærare inn på mogelege konsekvensar, men viser til eventuelle uttaler frå Voss herad, Hamlagrøvatnet Vel og andre med tilknytning til vatnet.

BERGSDALSELVA

Slik som vi forstår søknaden om endring av manøvreringsreglementet i Hamlagrøvatnet, vil tappinga i dei to gjeldande periodane, i liten grad vil påverke vassføringa i Bergsdalselva, fram til Storefossen, ved at storparten av vatnet blir ført i tunnel til Kaldestad kraftverk og Fosse kraftverk. Unnataket er dersom det eventuelt vert overløp frå Hamlagrøvatnet, grunna fullt magasin. Dette vil kunne gje meir vatn i elva, som vil vere positivt i seg sjølv.

STOREFOSSEN OG DALELEVA

I periodane med utvida tapping vil det kunne verte meir vatn i Storefossen, samanlikna med normalt tapperegime. Denne situasjonen vil forsterke seg i planlagt periode for stans av Dale kraftverk, med overløp frå dammen, som vil gje meir vatn i restfeltet i Daleelva. Dette vil vere positivt, og kunne fremje fisken og fisket i elva.

Det er svært viktig at ein til kvar sikrar minstevassføringskravet i Daleelva, med omsyn til villaksen som raudlista art.

Vi har ikkje innspel ut over nemnde forhold.

Helsing

Vaksdal kommune,
v/ Tore Henrik Øye
(landbruksrådgjevar)
Tlf. 91127337

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ikkje handskriven signatur

Bruk gjerne eDialog for å svare oss på dette brevet. Oppgje referansenummer 2026/286. Les meir om eDialog på <https://www.vaksdal.kommune.no/kontaktinformasjon>.